

Styremøte Tambarskjelvar 01.02.2023, kl. 18:00.

Gruppene møter frå kl 19.00.

Til stades frå kl. 18:00: Sigrid, Pål Arve, Runar, Anne Karin, Anne Sofie, Athina, Siss-May

Til stades frå kl. 19:00: Sigrid, Pål Arve, Runar, Anne Karin, Siss-May, Bjørn Olav, Sven, Jan Magne, Borgny

Sak	Saksomtale	Vurdering/avgjersle frå styret
Sak 1/2023	Trimgruppa skal ha ein sosial happening laurdag 4. februar. Vi får kostnader på om lag 5000 kr for leie av hall, 2 instruktørar og leige av anlegg. Snacks vert sponsa av Coop Extra. Vi søker Tambarskjelvar om inntil 5000 kr i støtte, slik at vi kan redusere inngangspengane til 100 kr, og kanskje få med fleire deltakarar. Borgny Hatleset, trimgruppa	Innvilga 5000 kr.
Sak 2/2023	Friidrett har markert sesongen 2022 med ei trening/konkurransse/avslutning. Dei tinga adidas-sokkar og buff frå Sport 1. I tillegg mat frå Naustdal Dampbakeri. Vi søker om støtte på kr 2000,- frå hovudlaget. Jan Magne Åsnes, friidrett	Innvilga 2000 kr.
Sak 3/2023	Hending i garasjen og ev politianmelding – saka vert belyst på møtet.	Vi tek kontakt med politikontakten med SLT-gruppa og ber om eit møte/råd i saka.
Sak 4/2023	Årsmøte 2023 17.mars.	Frist for innlevering av årsmelding frå gruppene: 24. februar

		<p>Frist for annonsering av årsmøtet: 24.februar. Annonsering på heimesida og FB.</p> <p>Frist for innmelding av saker til årsmøtet: 3. mars</p> <p>Styremøte for hovudlaget: 7. mars kl 20:00.</p> <p>Stad: Smak frå Øvre</p>
Gruppene deltek på sakene herifrå:		
Sak 5/2023	<p>Kommuneplan Sunnfjord, sjå her Kommuneplanen sin arealdel 2022-2034 (arcgis.com) og utsnitt under; har vi merknader til arealbruk ved idrettsbana og i Instedalen?</p>	<p>Styret sender innspel på følgjande:</p> <p>Areal ved helsehus ved bana. Vi ynskjer at grøntarealet skal behaldast ved det som i dag er helsehus, at her ikkje vert utbygd med høge blokker som ruver over bana.</p> <p>Areal i Instedalen er ikkje riktig innteikna – vise til gjeldande reguleringsplan.</p>
Sak 6/2023	<p>Informasjon kring Bonus Sport 1 og klubbkveld Sport 1</p>	<p>Styret har kjøpt inn vindjakker og coachjakker til trenarar. Begynt å bruke bonus 2022 for å dekke innkjøpa. T-skjorter til trimgruppa.</p> <p>Klubbkveld Sport 1 i Hallen i mars.</p> <p>Oppmode medlemmar om å registrere seg på Sport1. Innkjøp registrert som Tambar-medlem genererer bonus til Tambarskjelvar.</p>
Sak 7/2023	<p>Sak frå Instedalen skianlegg as v/Åsmund: Plan og finansiering av utviding av klubbhuset.</p>	<p>Orienteringssak. Utviding av eksisterande klubbhus (varmt lager) i tillegg til garasjebygg (kaldt). Førespurnad om Tambarskjelvar kan yte lån til Instedalen skianlegg as for å forskottere moms. Søknad vil kome.</p>
Sak 8/2023	<p>Sak frå Øyra Løken nærmiljøanlegg v/Åsmund: idrettslaget og gruppene sin bruk av anlegget.</p>	<p>Vi drøfta litt rundt dette. Det er per nå ikkje behov for ekstra areal i høve t.d. fotball, då det er få lag og ledig tid på Naustdal stadion. Allidretten har nytta arealet litt til</p>

		<p>sykkelaktivitet og orientering. Styret i Øyra Løken Nærmiljøanlegg må ev vurdere å fakturere når idrettslaget har aktivitet der.</p>
Sak 9/2023	<p>Diverse Sunnfjord triatlon Open hall Teams Førstehjelpskurs</p>	<p>Sponsorarbeid; ynskje om å drøfte ei felles tilnærming på tvers av gruppene og hovudlaget. Dette vert tema på eitt styremøte ila våren.</p> <p>Sunnfjord triatlon. Vi manglar per nå rittleiar, og vi har difor ikkje starta arbeidet med arrangmentet.</p> <p>Det er ynskjeleg å ha open hall nokre timar kvar fredag. Styret tek tak i dette og forsøker å få med nokre vaksne som kan hjelpe til.</p> <p>Tambarskjelvar IL har kjøpt office 365 der alle gruppene får tilgang for lagring av dokument i share point, teams og outlook.</p> <p>Det har vore arrangert eitt førstehjelpskurs. Om det er behov for fleire gir gruppene ein lyd til styret.</p>